

Referat frå medlemsmøte i Pensjonistforbundet Time den 10.des. 2025.

Miguel ønskte alle dei 135 fremmøtte velkommen til møtet som denne gongen var på Hotell Jæren.

Referatet frå sist medlemsmøte vart opplese.

Deretter entra songgruppa «8tteren» podiet. Dirigenten Per Sigmund Rettedal fortalde litt om gruppa før dei framførte sitt repertoar. Denne gongen var det tekstar av Torvald Tu. Morosme tekstar som vart framifrå framførte. Me fekk høyra kjende tekstar som Bekken, Kvisten, Nils og Mari og Ola.

Dei var og innom dyreverda der me fekk høyra Fluga og Høna og Hanen. Det var ikkje fritt for at forsamlinga humra til den levande framføringa. Dei avslutta med kanskje den einaste julesangen Torvald Tu har skrive ; «Ei stjerne over livet står».

Som takk for fin underhaldning fekk dirigenten overrakt blomar og ei eske konfek dei kan kosa seg med på neste øving.

No var det Maren Gabrielsen sin tur. Ho er fysioterapeut hos Robust Bryne og Time kommune.

Ho fortalde om «Artrose». Dette er ei revmatisk lidning som rammar svært mange. Ein reknar med at 3 til 400 000 lid av dette i Noreg.

Denne lidninga kan førebyggjast og lindrast med aktivitet. Ledda er avhengige av å vera i rørsle, også etter at Artrose er påvist.

På Robust har dei kompetanse til å driva trening som både førebyggjer og lindrar. Ein får individuell behandling i starten, så kan ein velgja å trenast sjølv, eller bli med i ei gruppe. Medlemmer av Pensjoistforeninga får rabatt på kontingent hos Robust.

Ho kunne og fortelja at kvart år arrangerer dei Aqua/Robustløpet i Bryne. Til neste år går dette av stabelen den 14. februar. Nytt av året er eit «Rulleløp». Dette er for folk som må ha hjelpemiddel for å koma seg fram. Løpet er på 200 meter, og er for rullestol brukarar eller dei med rullator. Alle som fullfører dette løpet kan vinna ei Karbonrullator til ein verdi av 50 000 kroner.

Det ho fortalde om var nyttig informasjon for vår aldersgruppe.

Maren fekk takk og blomar frå leiar.

Leiar hadde noko aktuelt frå Forbundet. Kontingenten vert auka med 80 kroner frå 1. januar 2026. Frå same dato er det høve til å få kontingenten delt i to for dei som ønskjer.

Så var det tid for mat. Bordverset vart songe før Hotellet serverte nydeleg kalkunflet med poteter, grønnsaker og god saus. Etterpå fekk me riskrem og kaffe. Takk til hotellet for god mat og god service.

Også denne gongen vart det lodda ut mange fine gevinstar. Like mange vinnarar var godt nøgde før me song «Julekveldsvise».

Leiar takka så for samværet. Han takka og styret og alle som hjelper til med møta våre for godt samarbeid.

Så var det berre å minna om neste møte som er 14. jan 2026. Då høyrer me på Torleif Bilstad.

Jens Malvin Nesse

referent